

Oppstartsseminar – Interkommunal plan for sjøområda i Nordhordland

Tid: Tysdag 22. august 2017 kl. 09:00 – 16:00
Stad: Nordhordland Folkehøgskole, Frekhaug, Meland kommune
Målgruppe: Politikarar og administrasjon i kommunane i Region Nordhordland

Kysten i Nordhordland er ein felles ressurs for befolkninga. Ofte vil det vera behov for å sjå på forvaltninga av desse ressursane på tvers av kommunegrensene.

Planlegging av sjøområda er ein viktig del av det å skapa gode vilkår for ein bærekraftig vekst på kysten. En heilskapleg arealplanlegging og samordning av dei ulike interessene i sjøområda er viktig for å leggja til rette for ei framtidig utvikling i regionen.

Planlegging og forvaltning av sjøareal er ulik frå landareala. Fråveret av privat eigendomsrett har gjort sjøen til eit fleirbruksområde styrt av statens lovverk, sektormyndigheiter, av regionale myndigheiter og kommunane sine arealplaner.

Viktig næringsliv i sjø er fiskerier, havbruk og reiseliv. Den samfunnsmessige verdien av friluftsliv og rekreasjon i sjøområda er betydeleg. Biologisk mangfald og kulturminne må takast vare på. Ein interkommunal plan må bidra til å balansera dei ulike interessene.

Regionrådet har difor tatt initiativ til at det vert satt i gong eit interkommunalt prosjekt som har som formål å utarbeida ein interkommunal plan for sjøområda. Prosjektet vert forankra i plan- og bygningsloven § 9-1 om interkommunalt samarbeid. Planprosessen skal følgja dei lover og føresegner som gjeld for kommuneplanlegging. Kvar kommune må gjera sluttvedtak for sine areal.

Me ønskjer med dette seminaret å få fram kvifor me startar dette arbeidet og kva me saman kan oppnå.

Påmelding: E-post: post@nordhordland.net - så raskt som mogeleg og innan 11. august

Knarvik, 29. juni 2017

Rune Heradstveit
Dagleg leiar
Nordhordland Utviklingsselskap IKS

Bent Gunnar Næss
Prosjektleder
Nordhordland Utviklingsselskap IKS

Seminar - Interkommunal plan for sjøområda i Nordhordland

Tysdag 22. august 2017 kl. 09:00 – 16:00

Nordhordland Folkehøgskole, Frekhaug, Meland kommune

Målgruppe: Politikarar og administrasjon i kommunane i Nordhordland

08:30 - **Registrering / kaffi**

09:00 **Velkomen.** Regionrådsleiar Karstein Totland

Korleis kan me sikre ein berekraftig utnytting av kystsona vår?

Korleis kan ein interkommunal plan for sjøområda bidra – og kvifor er det best at kommunane gjer dette saman? Fagdirektør Egil Hauge, Fylkesmannen i Hordaland

Kvifor treng me ein kystsoneplan?

Rammeverk, aktuelle utfordringar, det store biletet! Kva ønskjer næringa at ein interkommunal plan skal løysa?

Kjetil Hestad, samfunnskontakt for Engesund, Tombre og Lingalaks

Korleis jobbe med kystsoneplanlegging?

Om prosessen, engasjement, medverknad og viktige tema. Kva er viktig ved planlegging i sjø? Fagleiar Eva Katrine Taule, Hordaland fylkeskommune

10:40 Beinstrekk / kaffipause

11:00 **Kystsoneplanlegging og fiskevelferd! Nye driftsformer og miljøbetingelser for oppdrett**

Tilsynskoordinator fisk og sjømat Hulda Bysheim, Mattilsynet region Sør og Vest

Framtidas olje, kva skal til?

Korleis kan me nå regjeringa sitt vekstmål for oppdrett fram mot 2050?

Fiskeridirektør Liv Holmefjord, Fiskeridirektoratet

12:00 Lunsj

12:45 **Interessekonflikter i kystsoneplanlegging. Biologisk mangfald / bærekraftig forvaltning**

Geir Helge Johnsen, Rådgivende Biologer

Erfaringar frå arbeidet med interkommunal plan på Nordmøre (11 kommunar)

Kvifor starta me opp arbeidet? Korleis gjorde me arbeidet? Kva har me oppnådd? Kvifor fekk me det til?

Prosjektleiar Jens-Eric Eliassen

14:05 Beinstrekk / kaffipause

14:20 **Akva næring for framtida**

Korleis vil framtidas oppdrett sjå ut? Andre produksjonar? Kva krav må me stille?

Innovation Manager Björgólfur Hávarðsson, The Seafood Innovation Cluster

Er egget ein del av framtida?

Cato Lyngøy, Hauge Aqua AS

15:30 **Oppsummering av dagen. Veggen vidare i Nordhordland**

16:00 **Slutt**